

# SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 2 2021



## Om bladet

**Ansvarleg utgjevar:**  
Stord sokneråd og  
Nysæter sokneråd

**Adresse:** Hamnegata 48,  
5411 Stord  
**Telefon:** 53 40 34 30

**E-post:** post@kyrkja-stord.no  
**Web:** kyrkjastord.no  
**Facebook:** @kyrkjaistord

**Kontonr:** 3201.23.04578  
**Vipps:** Stord #124653  
Gåver til kyrkebladet merkast  
"SPIRA"

**Design:** Preg Design AS  
**Framsidefoto:** Ingrid Jansen  
Hovland på babysong. Fotograf:  
Barbro H. Andersen/ Preg Design  
**Trykk:** Skag Design og Trykkeri  
**Opplag:** 7500 /utgåve 1/ årgang 3  
**Papir:** Miljøvennlig Paperwise



### Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)  
Elisabeth Fauskanger  
Anders Grov Nilsen  
Svein Olav Langåker  
Barbro Høyland Andersen  
Hildegunn Heimro  
Dag Kjetil Lægreid

Kyrkjelydsblad vert ifølgje forbrukartilsynet ikkje rekna som uadressert reklame, og fulldistribuerast til alle husstandar i kommunen.

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Stord og Nysæter

## Me syng!

Stadene der me syng, og songane me kan synga saman vert stadig færre. I kyrkja held me på songen. Når me samlast, anten det er til gudsteneste, gravferd eller vigsel, så syng me.

Som ein av få institusjonar har kyrkja eigne songleiarar blant dei tilsette: Det er kantoren (organisten). I dette bladet får du bli betre kjent med dei som arbeider særskilt med songen og musikken i kyrkjene her på Stord.

Song kjem i mange variantar. I kyrkja er det mykje fellessong. Songen har plass i mest alt me gjer: Dei heilt små på babysong på golvet i kyrkja syng, og dei eldste på sjuke- og alders- heimar, syng. Og i alle andre arrangement blir det sunge, med konfirmantar, vaksne og born.

Songen skapar fellesskap. Me ser det i augene på kvarandre, og hører

det på lyden i rommet når det er godt å syngja. Derfor er det viktig at me ikkje berre syng ukjente songar og salmar, men ord og tonar som skapar gjenkjenning.

I haust blir det mange anledningar til å vera med i songen. I tillegg til alle dei faste arrangementa våre, markerer kyrkjakoret Sanctus 25-årsjubileum samstundes som Nysæter kyrkje feirar 30 år.

Om du lurer på når neste høve til å syngja er? Det skjer i alle fall i ei kyrkje nær deg, kvar søndag.

OLAV OMA, SOKNEPREST

## JUBILEUMSPROGRAMMET

**5. oktober**

**Puls på livet**

Samtale i sofaen mellom journalist Lars Mæland og Reidar Ådnanes. Reidar var den første presten i Nysæter og vil bl.a. fortelja om vegen til presteteneste i ei nybygd kyrkje.

**23. oktober**

**Jubileumsbasar**

For 28 år sidan blei «Kyrkjeringen» danna. Ei gruppe damer som sidan då, med jamne mellomrom, har laga til basar og skaffa inntekter til kyrkja. I år blir det invitert til jubileumsbasar.

**7. november**

**Messe for en såret jord**

Kyrkjakoret Sanctus under leiing av kantor Bjarte Aadland og i samarbeid

med fleire songarar og dyktige musikkarar framfører denne sterke messa av Hillestad og Bjørnstad.

**21. november**

**Con Spirito jubileumskonsert**

Koret blei starta i 1990 og var i byrjinga eit kor som samla tidlegare medlemmar av Stord Ungdomskor. Con Spirito har hatt mange konsertar i Nysæter kyrkje og inviterer til konsert for å feira både sitt eige og kyrkja sitt 30 års jubilum.

**25. november**

**Sagvåg Musikklag Jubileumskonsert**

Då Nysæter kyrkje var ny hadde Sagvåg Musikklag opningskonsert og framførte musikk spesialskrive for anledninga. Sidan då har dei vore ein

## NYSÆTER KYRKJE 30 ÅR!

Nysæter kyrkje blei vigsla 15.desember 1991. Denne hausten inviterer me til mange ulike arrangement for å feira at kyrkja er 30 år. Velkommen til jubileumshausten i Nysæter!

Ei mengd frivillige hadde vore med i arbeidet med å bygga kyrkja; med stillasrigging, forskaling, maling, rydding, arbeid på uteområde, snekring og mykje meir. Dugnadsgeneral Tordis Nysæter hadde lange lister og styrte med stø hand. Kaffi og mat kom i store mengder til dugnadsfolka.

År med stor dugnadsinnsats i samband med bygginga skapte samhald, trivel og entusiasme i bygda.

No har det gått 30 år og rododendronane utanfor kyrkja har vaks seg store. Nysæter kyrkje har blitt

ein naturleg del av livet til folk i Sagvågsbygda.

Her har ein opplevd dåp, konfirmasjon eller teke avskjed med kjente og kjære. Her har mange engasjert seg i det frivillige arbeidet. Her har ein hatt flotte konsertopplevingar.

Og her har ein fått høyra frå Bibelen, delteke i gudstenester, fått veka og dela tru og mange har funne ein heim i fellesskapet i kyrkja.

”

År med stor  
dugnadsinnsats  
i samband med  
bygginga skapte  
samhald, trivel  
og entusiasme  
i bygda.



Foto: Barbro Høyland Andersen/ Preg Design

# «..men å få synga litt, det gjer oss glad.»

Gunhild Aadland Rolfsnes er songar, dirigent og høgskulelektor i song – og trur alle hadde hatt godt av å synga meir i kvardagen.

– Dess eldre eg blir, dess meir går det opp for meg korleis songar og det å bruka mi eiga stemme har vore til hjelp – både i tunge og lette stunder. Det å kunna songar som passar til alle livets sider er noko eg prøver å gi vidare til mine eigne barn, fordi eg ser korleis song kan gi styrke i kvardagen.

Gunhild Aadland Rolfsnes er vaksen opp i ein heim med mykje song.

– Me song alltid kvar dag – både for maten, og mange godnatt-songar om kvelden, og me vart tekne med på sundagsskule og i kyrkje og bedehus der songen stod sterkt. Etter kvart vart eg med i barnekor, juniorkor og ungdomskor.



**Det å kunna songar som passar til alle livets sider er noko eg prøver å gi vidare til mine eigne barn, fordi eg ser korleis song kan gi styrke i kvardagen.**

Gunhild Aadland Rolfsnes

## Forskar på song

I jobben hennar både forskar ho og underviser ho i song. På kontoret hennar på høgskulen har ho eit piano der ho kan ta seg korte pausar å synga og spela litt.

Gunhild Aadland Rolfsnes, foto privat.



– Songen gir glede, det skapar eit fellesskap i ei gruppe, det skapar fokus i eit klasserom, det kan vera sentralt i å bygga eit miljø i ein klasse eller hjå andre.

– Eg vil anbefala alle å synga når dei går tur, kører bil, står i dusjen,

lagar mat, ja, kor som helst. Syng og ver glad!

## Framtida for songen

Gunhild Aadland Rolfsnes seier allsongen lever i beste velgåande innanfor kyrkje og forsamling. Og

på fotballtribunen. Men utanom det er ho ikkje så optimistisk.

– Det er mykje som har endra seg på kort tid. Før var det vanleg å synga når ein var samla, anten det var festleg lag eller andre møte. Men det felles repertoaret som den eldre generasjonen har, det finst ikkje lenger på same måte hjå min generasjon og dei yngre.

## Det vanskelegaste og viktigaste

Det å velja eit godt repertoar er kanskje det vanskelegaste og viktigaste med allsongen, meiner ho.

– Det er viktig at songane kan fenga litt også, at melodiane er gode, at toneleiet er greitt, og at teksten er noko som kan samla.



Foto: Barbro Høyland Andersen

## Salmar – eit språk for tru

Har du kjent den – kjensla av fellesskap som det å synga saman med andre kan gi? Salmesongen er ikkje bare noko som skjer her og nå, men representerer ein unik tradisjon og kulturarv som og strekker seg langt utanfor Noreg sine grenser.

Tradisjonen med salmesong strekker seg langt tilbake i tid, og det er lite som tyder på at salmesongen er på veg ut. Salmeboka som kom i 2013 er den tjukkaste nokon sinne og tel meir enn 900 salmar.

## Når ord får melodi

Det er ikkje utan grunn at salmesongen betyr mykje for mange. Salmane er både poesi, teologi og musikk på ein gong. Salmediktaren har sett ord på ulike aspekt ved den kristne trua. Så skjer det noko med orda når dei får melodi. Det er som om salmetekstane når lenger inn i oss når dei samhandlar med melodiane. Salmane kan gi oss rom og ord for

kjensler som me ikkje alltid kjem på sjølv. På den måten kan salmesongen både gi oss eit språk for tru og vera viktige for praktisering av tru. Salmar me kan utenat bli ein rik «bank» me alltid har med oss. På den måten blir salmeskatten ei hjelpe i møte med både eiga og andre si glede og sorg.

## Ein historisk samanheng

Kvar jul syng mange av oss strofa «slekt skal følge slekters gang». Me står i ein historisk samanheng når me syng salmar. Slitesterke salmar blir ein del av oss, frå generasjon til generasjon. Generasjonar har sunge salmane før oss og gitt salmeskatten

vidare. På same måten skal me få gje denne skatten vidare til nye generasjonar som kjem etter oss. Men akkurat nå er det vår tid, vår tur, til å oppleva fellesskapet i salmesongen og til å syngja trua vår.

## Ein verdsvid samanheng

Guds folk syng ikkje bare på norsk. Når me står saman i kyrkja og syng den Sør-afrikanske songen «Hamba nathi mku lulu wethu» er me ein del av den verdsvide kyrkja og den verdsvide salmeskatten. Lurer du på kva det tyder på norsk? Svaret finn du på nr. 633 i salmeboka.

# Song - kva betyr det for oss?

Kva er det med song som gjer at den når inn til oss på ein spesiell måte og betyr noko for oss? Me har spurta tre som er glade i å synga om kva song eigentleg betyr for dei.



Synnøve Hagen Leseth, foto privat

Namn: Synnøve Hagen Leseth  
Alder: 20 år  
Bur: Bergen  
Aktuell: Solist ved gravferder, konfirmasjonar m.m.  
Tidlegare medlem i Stord Ungdomskor.

**Kor lenge har du sunge?**  
Song og musikk har vore ein del av livet mitt så lenge eg kan huska. Og eg trur eg har likt å synga foran folk heilt sidan første klasse på barneskulen.

**Kva er ditt forhold til song?**  
Mitt forhold til song er veldig godt. Songen har vore med meg i så mange fine stunder som har betydd mykje for meg. Det kjennest godt å kunna delta med noko for folk i både fine og triste stunder der song og musikk er ein samlande faktor.

## Kva syng du?

No for tida syng eg for det meste ulike formar for pop- og visesang som passar godt i anledningar som konfirmasjonar, gravferder, bursdagar osv.

## Kvar syng du?

For augneblinken syng eg ikkje fast noko annan plass enn for meg sjølv. Eg blir av og til beden om å synga i gravferder eller andre hendingar kor folk ønsker song, noko eg er vedlig takknemleg for. Og det hender at eg og familien deltek med litt musikk i ulike selskap.

**Kva er ditt best songminne?**  
Det må vera då eg fekk høvet til å spela hovudrolle i musical på musikklinja i første vgs. Det var ein heilt ny situasjon som eg elskar å få vera ein del av.

**Denne songen betyr noko spesielt for meg:**  
*Vincent* av Don Mclean kjem alltid til å bety svært mykje for meg då det var den songen eg song i gravferda til mormor mi for to år sidan. Det er ein fantastisk fin låt som ho var veldig glad i, og eg kjem alltid til å vera takknemleg for at eg klarte å delta med song den dagen.

“  
Det fine med song er at den treff hjartet på ein måte sonn er heilt unik.

Ingvild Løklingholm

Vidar Vedå

“

Det kjennest godt å kunne delta med noko for folk i både fine og triste stunder der song og musikk er ein samlande faktor.

Synnøve Hagen Leseth

“  
Eit liv utan song og musikk ville vore fattig.

Vidar Vedå



Vidar Vedå, foto Magne Langåker

Namn: Vidar Vedå  
Alder: 49 år  
Bur: Stord  
Aktuell: Syng i Storm Weather Shanty Choir og saman med kona, Cecilie Anna Rønhovde

**Når starta du å synga?**  
Eg starta å synga då eg var ca 16 år så då blir det i ca 33 år. Eg hadde musikalske venner som drog meg med i band. Først på bassgitar og gitar, men så har det blitt meir og meir syning. No er det nesten berre det.

**Kva er ditt forhold til song?**  
Eg er generelt glad i song og musikk og får fort gåsehud og klump i halsen når musikken treff. Songstemmer er ofte det viktigaste elementet i musikken eg hører på. Dei formidlar gleder, sorger, sinne osv. på måtar som gjer at det kan vera som terapi å høyra på eller å synga med sjølv. Eit liv utan song og musikk ville vore fattig.

**Kva syng du?**  
Eg starta med å synga nokre viser som eg laga sjølv, så har eg vore litt med i band der eg syng litt pop og rock. Har også vore med i nokre musikalar og i Mo-

straspelet. No syng eg mest med Storm Weather Shanty Choir som eg har sunge i over 20 år og i lag med kona mi Cecilie Anna Rønhovde, som lagar masse fin musikk.

## Kvar syng du?

Eg syng vel litt over alt, om det er det du meiner. I bilen og heime og slikt, men sånn for folk så er eg jo heldig med at sjantikoret har hatt konsertar mange stadar i verda. Me har sunge i Hammerfest i nord og til Farsund i sør i Norge samt hatt turnear både i Japan, USA og i Europa.

## Beste songminne:

På ein konsert med visene mine i Ålesund var det nokon som felte tårer for det var så fint. Det er vel det optimale ein kan oppnå med song.

## Denne songen betyr noko spesielt for meg:

Det er nok eit par av songane eg har laga sjølv som betyr mest. Den første songen eg laga som eg turde å synge for folk heiter eigentleg *Slik kan det gå*, men folk kallar den *Teltturen*. At eg fekk positive tilbakemeldingar på den har i korte trekk ført meg til der eg er i dag. Elles så er det songen *Hjortesnare* som dei fleste vil høre og som minnar meg på at folk faktisk vil høre meg spele å synga. Det er eg takknemleg for.



Ingvild Løklingholm, foto privat

Namn: Ingvild Løklingholm  
Alder: 45 år  
Bur: Stord  
Aktuell: Forsamlingsleiar i Stord Indremisjon.  
Lovsongsleiar. Solist i ulike samanhengar.

## Kor lenge har du sunge?

Eg har alltid vore glad i å synga, og har nok sunge så lenge eg kan hugsa.

## Kva er ditt forhold til song?

Song er noko som gir meg glede. Eg opplever det godt å få formidla noko som kan bety noko for andre.

## Kor og kva syng du?

Eg har sunge i mange ulike samanhengar, som brullup, bursdagar og gravferd. Det fine med song er at den treff hjartet på ein måte sonn er heilt unik. Elles er det lovesong eg har drive aller mest med. I hovudsak i lokale forsamlingar og på bedehusa her i distriktet. Det å få leia andre i lovesong er for meg ei verdifull teneste å få stå i.

## Denne betyr noko spesielt for meg/beste songminne:

Ein song som betyr mykje for meg og som skildrar kjærleiken på ein god måte er songen *The rose* med Bette Midler. Denne song eg i bryllupet vårt då eg og Rune gifta oss. Det er eit kjært og godt minne.

# Song for og med born

For barn er det naturleg å synge og leike med musikk. Song er trusopplæring, for det me syng og lærer utanat blir i hjarta. Og det hjarta har lært som barn, det blir der. På den måten blir songskatten gitt vidare til neste generasjon. Det er difor ikkje utan grunn at me syng mykje på samlingane med førskuleborna i kyrkja.

Me har eit grunnleggjande behov for å uttrykka oss gjennom musikk. Songen bidreg til å utvikla borna sitt språk og gjera øyra, stemme og hjerne førebudd for innlæring av språk. Dette skjer sjølv før borna er gamle nok til å kunna snakka.

I babysong og songstundene saman med førskuleborna erfarer me at songen skapar smil og gode opplevingar. Me syng mykje! Me syng både kristne barnesongar og tradisjonelle songar, begge deler ein viktig del av kulturarven vår.



## Kjekke songstunder i kyrkja

Ingen av samlingane har påmelding, de kjem når det passar. Gratis.

### Mat & prat og babysong i Nysæter kyrkje:

Songstund frå kl. 11.00 og Mat & prat frå ca kl 11.30-13.00

4. oktober, 18. oktober, 1. november, 15. november og 29. november

### Babysong i Stord kyrkje:

Songstund frå kl. 11.00 og lunsj frå ca kl 11.30-12.00

11. oktober, 25. oktober, 8. november, 25. november

### T123 Songstund i Stord kyrkje:

Songstund med bibelforteljing, matservering og leik kl. 17.00-18.00 for born 1-3 år saman med vaksen.

4. oktober, 18. oktober, 1. november, 15. november og 29. november

### T456 Songstund i Stord kyrkje:

Songstund med bibelforteljing, matservering og leik kl. 17.00-18.00 for born 4-6 år saman med vaksen

6. oktober, 20. oktober, 3. november, 17. november, 1. desember

### T1-6 Open kyrkje i Nysæter kyrkje:

Songstund med bibelforteljing, matservering og leik kl. 17.00-18.00 for born 1-6 år saman med vaksen

12. oktober, 26. oktober, 9. november, 23. november, 7. desember

Til venstre: Eiliv Braathen Vallestad spelar tromme på babysong, Leonel Langeland Thomassen i bakgrunnen. Foto: Barbro Høyland Andersen

## Høgtid og fest med konfirmasjonar

Etter ei konfirmasjonstida som har vore sterkt prega av koronarestriksjonar kunne ein for andre år på rad feira haustkonfirmasjonar i kyrkjene våre. Med bileta av flotte og festpynta konfirmantar på denne og dei neste sidene i bladet ønskjer me alle konfirmantane til lukke med gjenomført konfirmasjonstid! Me håpar å møtast att i kyrkja mange gonger.

Namna står i alfabetisk rekkefølge, og ikkje i rekkefølga konfirmantane står i på bildet.



**Nysæter kyrkje laurdag 28.08. kl 10.00:** Liv Kristin Akselberg, Andre Helland, Odin Alexander Mikkelsen Kristensen, Liv Marit Mjønes Ottesen, Fia Kamilla Skår, Andreas Eide Slettvåg



**Nysæter kyrkje laurdag 28.08. kl 10.00:** Liv Kristin Akselberg, Andre Helland, Odin Alexander Mikkelsen Kristensen, Liv Marit Mjønes Ottesen, Fia Kamilla Skår, Andreas Eide Slettvåg



**Nysæter kyrkje laurdag 28.08. kl 13.00:** Mia Laukhamar Hauge, Emma Paulsen, Nora Paulsen, Emma Helene Riggs-Katla, Tobias Svanåsbakken-Harkestad, Tobias Berland Tetik



**Nysæter kyrkje søndag 29.08. kl 11.00:** Synne Traa Alfsvåg, Lars Oliver Eikeland, Ena Vallestad Kårbo, Amalie Olsnes, Amanda Karoline Toldnes, Joakim Lundal Petterson.



**Nysæter kyrkje søndag 29.08. kl 12.30:** Kevin Baretto, Jens Martin Solibakke Knardrup-Larsen, Solfrid Steinsland, Kevin Tjøsvoll, Marius Vatle-Dahl

# Vent litt!

**Tusen takk**  
for gāva du vil gje!

## – ikkje bla vidare med ein gong...

La meg få fortelja deg litt om bladet du akkurat no held i hendene dine!

### Liv og mangfold under to spir

Spira er kyrkjebladet på Stord. I logoen ser du dei to kyrkjespira på Stord og Nysæter kyrkje - eit gammalt spir og eit mykje nyare.

75% av alle som bur her på Stord er medlemmar i Den norske kyrkja.

Kyrkja rommar livet og mangfaldet på øya vår.

Kyrkja er ein plass for dei store hendingane i livet, ein stad for glede og sorg. Her samlast born, unge, vaksne og eldre jamleg til ulike samlingar, aktivitetar og gudstenester.

Kyrkja er også ein kulturfmidtar og byr på konsertopplevingar og andre kulturelle arrangement. Kyrkjebladet Spira formidlar noko av dette mangfaldet til Stordabuen.

### Noko som spira

Men namnet Spira speglar og noko meir: Ei spire er nemleg og noko lite som veks og blir større.


Kyrkjebladet Spira er eit relativt nystartat kyrkjeblad, ei lita spire som skal veksa seg stor og som treng næring på vegen. Spira treng deg med på laget!

### Vil du vera med og støtta Spira økonomisk?

Om du gir 50, 250 eller anna - kvar einaste gåve blir motteken med takk. Bruk gjerne giroen under i nettbanken din og merk med: "SPIRA" i KID/meldingsfeltet. Eller du kan vippa ei gåve direkte på nummeret 124 653 Stord sokn, merka med «SPIRA».

Me takkar for ditt bidrag!

Helsing redaksjonen i Spira v/ Olav J Oma, redaktør.



|                      |       |                          |
|----------------------|-------|--------------------------|
| <b>Kvittering</b>    | Betøp | Betalar sitt kontonummer |
| Innbetalt til konto  |       |                          |
| Betalingsinformasjon |       |                          |

|                                                                              |                          |            |                          |
|------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|------------|--------------------------|
| Betalte av                                                                   | <input type="checkbox"/> | Betalt til | <input type="checkbox"/> |
|                                                                              |                          |            |                          |
| Kroner                                                                       |                          | Øre        | Til konto                |
|                                                                              |                          |            |                          |
| KID/Melding<br>Støttegåve til SPIRA                                          |                          |            |                          |
| Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro                              |                          |            |                          |
| SPIRA<br>v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd<br>Hamnegata 48<br>5411 Stord |                          |            |                          |
| 3201 23 04578                                                                |                          |            |                          |



**Stord kyrkje laurdag 11.09. kl 10.00:** Lars Brekke, Sivert Dahlgren, Gaute Lillejord Grov, Emil Økland Larsen, Lars Aksel Lekve, Marius Nysæter-Lid, Lene Kamisaka Otterlei, Tuva Dahl Spissøy, Hanna Aadland Tappel, Catrine Agasøster Telle, Lukas Alexander Zaneski, Pia Østrem



**Stord kyrkje laurdag 11.09. kl 11.30:** Mathea Helvik Alfredsen, Selma Andresen, Hannah Sofia Rasmussen Kleven, Lina Klingsheim, Veronica Sagvaag Lunde, Live Skjønberg, Rode Sundhordvik, Maja Sundhordvik, Synne Marie Sævereid, Marius Sandvik Turøy, Tiril Gram Økland, Hannah Madelen Tjong Åkra



**Stord kyrkje laurdag 11.09. kl 13:00:** Ivar Aasen Bjelland, Mathias Volodja Bostøm, Anette Børveit, Marthe Halwe, John William Haraldseid, Mikkel Kalvenes Hope, Marta Grov Nilsen, Emma Hermine Kvamme Nipen, Søren Emil Grov Nøkling, Siren Klingsheim Risnes, Emilie Strand, Andreas Sæbø Toft



**Stord kyrkje søndag 12.09. kl 10.00:** Christoffer Hystad Barane, Bhea Bianca Deopante Chua, Maia Matre Hagenes, Amalie Rikstad Halvorsen, Oliver Mæhle Lamo, Mathilde Halland Nordtveit, Henrik Rafael Nygård, Emil Almås Rege, Oliver Sakseid-Angeltveit, Maria Tufteland Spissøy, Julie Sagvaag Tofte



**Stord kyrkje søndag 12.09. kl 11.30:** Emilie Sørheim Agdestein, Mathilde Alfarnes Amundsen, Mathilde Grov Bekkenes, Marte Røhne Ekse, Ramona Berge Haukefær, Tina Sørdal Misini, Ola Skorpen Myhre, Sivert Petterteig, Snorre Gravdal Skjolde, Adrian Bergseth Solvoll, Preben Østerhus Tyse



**Stord kyrkje laurdag 25.09. kl 10.00:** Preben Berge, Rebecca Tango-an Gangdal, Serina Drange Haugland, Veslemøy Rønneklev Helland, Lukas Skimmeland Kallestadbakken, Erlend Herre Kvingle, Liv Anna Morvik, Mads Skram-Wigelius, Oda Kverne Sørensen, Håvard Aadland Våge, William Wågen



**Stord kyrkje laurdag 25.09. kl 13:00:** Sunniva Røvde Aspen, William Vorland Dahl, Sander Hystad, Tobias Granli Johnstad, Jonas Angel Østensen Langli, Torjus Bjørk Markhus, Mari Haga Skibenes, Silje Lien Aasheim



**Stord kyrkje laurdag 25.09. kl 11.30:** Rebecca Anderssen Cabot, Oline Dyrhol, Berge Halleraker, Elvira Arefjord Hetland, Lisa Sofie Lønne Hårde, Frida Kyvik Skard, Sofie Sætre Skjønberg, Johannes Råheim Trædal, Leah Engelsen Vrålid, Mina Østrem, Elias Olsen Aalvik



**Stord kyrkje søndag 26.09. kl 11.00:** Samuel Hystad Evensen, Celina Solheim Hansen, Ida Helen Bakkedal Helland, Oliver Nernes Jakobsen, Emil Strømø Kvalvik, Elias Sørheim Lillefosse, Torbjørn Litlabø, Shawn Alexander M Miedler, Leon Nøtland Næset, Emilie Aga Romfog, Camilla Nysæter Silden, Linn Elise Sjursen



**Stord kyrkje søndag 26.09. kl 12.30:** Cindy Intong Abrahamsen, Casper Salomonsen Bergsvåg, Sunniva Skaaathun Frugård, Magne Fylkesnes Hauge, Morgan Scott William Hovland-Gay, Elianna Heie Jacobsen, Aleksander Fadnes Karlsen, Ronja Maria Stolsvik Lindanger, Mathias Frotjold Litlabø, Cille Nilsen, Thea Nylund, Thomas Yeabsira Østrem

## Takk, Brynhild!

Brynhild Meyer Stautland har i ei årrekke leia konfirmantarbeidet i kyrkjene våre. Av helsemessige årsaker, går ho i desse dagar over til ei administrativ stilling på kyrkjemkontoret. - Eg vil med dette retta ei stor takk til Brynhild for hennar heilhjarta innsats for konfirmantarbeidet spesielt, og trusopplæringa generelt, seier Liv Kari Bru.



# Med hjarte for song og musikk i kyrkja

Om du er i kyrkja på gudsteneste eller i gravferd er det ikkje sikkert du har sett desse tre. Men du har garanert hørt dei. Og du hadde lagt merke til og sakna dei om dei ikkje var der. Bjarte Aadland, Ole Jørgen Furdal og Noah Wibe arbeider med song og musikk i kyrkjene på Stord. Dei er engasjerte kyrkjemusikarar alle tre, men har også sine særtrekk. Kven blir sjenert over applaus? Kven har klassiske Bach på favorittlista? Kven likar seg som salmespelar? Eller å spela til kunst, Taizé og Pink Floyd! – Og kan me rekna med få framført Bach si fuge i D-dur i kyrkja med det første?

## Vegen inn til kyrkjemusikken

– Grunnen til at eg blei kantor er at den klassiske kyrkjemusikken er det flottaste musikalske uttrykket for meg, seier Ole Jørgen. Særleg likar han musikken til Johann Sebastian Bach. Bjarte var allereie i unge år glad i orgelmusikk, og starta kantorkarrieren sin ved konservatoriet i Bergen. Noah er utdanna faglærar i musikk og held for tida på med ein master i kreative fag. Dette året tek han dessutan nye studiepo-

eng i orgelspel.

– Eg reiser til Haugesund ein gong i veka og får speletimar på det flotte, nederlandske Verschueren-orgelet i Vår Frelsers kirke. Det i seg sjølv er ein stor motivasjon i studiet, fortel han.

## Musikken si rolle i kyrkja

Ei gudsteneste utan musikk ville vel for mange blitt ei litt kjip oppleving.

– Musikken gir formidlinga i kyrkja ein høgare dimensjon, meiner Bjarte. Han synest samvirket mellom tekst og musikk, og det å få tolka bibeltekstar og salmetekstar gjennom musikk er ei spennande oppgåve.

– Musikk og ord er til saman eit sterkt uttrykk. Og så har musikken ei svært viktig rolle både som fellesskapsbyggjar og som uttrykk for vår felles tru, seier Ole Jørgen og legg til:

– Salmesongen er samlande i kraft av at den gir uttrykk for trusfaringar som me alle har del i. Dessutan har musikken ei diakonal side ved at den kan lækja sår og uttrykke både glede, trøyst og sorg.

Noah trekker fram at musikk bidreg til unike opplevelingar, både

individuelt og i fellesskap. I kyrkjesongen kjem alle med sine bidrag og med den stemma ein har.

– For meg som organist betyr det å leggja til rette for at salmar og liturgi er lett å syngja til, både når det gjeld tempo og toneart, seier han.

## Val av salmar og musikk

Kyrkjemusikarane planlegg, saman med dei andre tilsette i kyrkja, musikken som skal brukast. Salmeboka er ei stor speleliste. Ole Jørgen fortel at dei legg vekt på kyrkjeårstida og karakteren på dagen når dei vel salmar.

Bjarte påpeiker at ønsket om større sjangerbreidd kjem oftare enn før. Tradisjonell klassisk musikk er ikkje einerådande lenger.

– Populärmusikken har fått større plass og det er på mange måtar spennande. I utval av salmar i gudstenester prøver me å speglar ei breidd: Nytt, velkjent, frå bedehustradisjon, klassiske salmar, keltisk tradisjon, gospelinspirert, noko frå Taize osb. Kantor har her ei pedagogisk og opplæringsmessig oppgåve også, poengterer Bjarte - som altså er den av dei tre som også har funne plass til Pink Floyd ved nokre høve.


## Kva er ein kantor?

.... lurer du kanskje på? Det er ikkje så rart, for ordet *kantor* har nok aldri heilt har blitt ein del av daglegtalen vår.

På ein måte kan ein sei at *kantor*, det er *organisten* i kyrkja di. Men så er det det at *organisten* i kyrkja er ikkje alltid *kantor...* Ikke så lett dette, med andre ord.

*Kantor* er nemleg yrkestittelen til den som har *det overordna musikalske ansvaret i kyrkjelyden*. Tittelen er knytt til ein kombinasjon av høgare kyrkjemusikalsk utdanning og til vigsla stilling i Den norske kyrkja.

Frå venstre: Bjarte Aadland (kantor i Nysæter kyrkje), Ole Jørgen Furdal (kantor i Stord kyrkje), Noah Wibe, organistvikar i begge kyrkjene. Foto: Barbro Høyland Andersen.



## Favorittar

Dei tre musikkarane ønskjer ikkje avsløra si favorittspeleliste når det gjeld kyrkjemusikk. Favorittane finst i spennet mellom klassisk, nytt, salmar, folketonar, instrumental og syng-med.

– Ofte er det melodien og mogelege harmoniseringar til den som avgjer om det blir ein favoritt eller ikkje, avslører Noah.

## Om dei får tilbakemeldingar frå kyrkjelyden?

– Eg opplever gjerne at kommunikasjonen mellom meg som salmespelar og folk sin medverknad i allsongen vitnar om at opplevelinga til folk i det store og heile er god, seier Bjarte. Noah fortel at han jamnleg får gode tilbakemeldingar frå kyrkjelyden på musikken han framfører.

– Eg får ofte applaus etter

postludiet. Då blir eg alltid sjenert og samstundes audmjuk.

## Kva er det å sjå fram til?

På spørsmål om kva kyrkjelyden kan sjå fram til i tida som kjem, nemner Noah *Preludium og fuge i D-dur (BWV 532)* av J. S. Bach.

– Det har eg hatt lyst å spela lengre! seier han.

Ein del av arbeidet til Bjarte er å dirigera kyrkkekoret i Nysæter, Sanctus. I samband med jubileet i haust, er framføringa av *Messe for en såret jord* med kor og fullt band (sjå omtale s 2) noko av det han ser aller mest fram til. I Sagvåg har kunstnaren Per Flatøy laga ein kunstinstallasjon til salmen *Lær meg å kjenne dine veie*.

– Kring dette lagar me eit spennande musikkprogram. Det gler eg meg veldig til å presentera, avsluttar Ole Jørgen.

## Taizé

- ein meditativ musikktradisjon frå franske munkar, der repetisjonar er eit sentralt element.

”

Musikk og ord utgjer til saman eit sterkt uttrykk. Og så har musikken ei svært viktig rolle både som fellesskapsbyggjar og som uttrykk for vår felles tru.

Ole Jørgen Furdal, kantor i Stord kyrkje

# Open kyrkje allehelgensdag

Allehelgensdag vert markert første helga i november, og er ein viktig dag for å minnast dei døde.

Søndag, 7.november vil Stord kyrkje vera open frå kl.18.00 til 20.00 i samband med allehelgensdag. Du kan komma når du sjølv ønskjer det i den tida, for å tenna lys, sitja ned og berre finna ro og fred.

Det vert minnegudsteneste i Stord kyrkje søndag 26. desember kl. 11:00.



Foto: Barbro Høyland Andersen

## Andakt og song i institusjonane

Det er lang tradisjon for å haldA andaktar på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter. I Sagvåg har Buneset besøk av andaktshaldar kvar fjortande dag.

Fleire frivillige held andakt i tillegg til prestar og diakon. Fleire frivillige er også med og spelar piano til songane. Me takkar dei frivillige som er med på denne viktige stunda på institusjonane våre.

Her er datoane for andaktane i haust. Pårørande er velkomne til å delta dersom det ikkje er restriksjonar for besøk.

### Buneset tysdagar kl.11.00:

5.oktober, 19.oktober, 2.november, 16.november, 30. november, 14.desember.

### Stord sjukeheim måndagar kl.11.00

(av og til tysdagar kl. 11.00):  
4.oktober, 18.oktober, 1.november, 15.november, 30.november, 14.desember (adventsgudsteneste).

### Knutsaåsen torsdagar kl.11.00:

7.oktober, 21.oktober, 4.november, 18.november, 2.desember, 16.desember (adventsgudsteneste).

## Besøka nokon?

Det er mange som er mykje åleine; eldre menneske som bur åleine, og som av ulike grunnar ikkje kjem seg nokon stad.

Det er personar som treng at nokon stikk innom av og til, menneske som ønskjer å bli sett og å ha nokon dei kan snakka med av og til.

Kyrkja har ei viktig oppgåve i besøkstenesta. Kontakt meg gjerne på telefon nr: 416 39 728 dersom du har tankar om at dette kan vera ei teneste for deg!

SOKNEDIKON OLAUG I. GLOPPEN.

## Syng tru!

Song gjer meg glad, og det er kjekt å syngja saman med andre. Eg hugsar organisten i mi barndoms kyrkje, som på veg ned frå altaret etter nattverd, ropte "syng"! Og vi, kyrkjelyden, song, av full hals, for det var slik det skulle vera.

Ei anna oppleveling av songen var ein påskedag i Strandebarm. Eg stod i benken med storesøskena mine. Eg såg opp på dei, for dei song med slik ei kraft og glede at eg som liten gut blei teken av det. "Redningsmannen er oppstanden, er oppstanden i morgengry!" Det er ikkje sikkert at eg forstod, men eg kjente at det var viktig, at det var godt, at det var kraft, håp og glede, både i orda og tonane.

“

**Syng for Gud  
med takk i hjarta!**

Kol 3,16

Me begynte akkurat med nye konfirmantar, og vi song. Songen var fin og konfirmantane hengde seg på. Etterpå såg vi på salmeboka saman, og eg bad dei finne fram eit salmenummer. Der finn dei att songen vi akkurat song. Då er det ein som seier "står den i salmeboka"! og ein annan legg til "kult".

I Bibelen står det (Kol 3,16): "Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta!"

OLAV OMA

## Salmen min



NILS ABRAHAMSEN,  
MANGEÅRIG PROGRAMLEIAR  
FOR SANGTIMEN PÅ NRK P1

Nils Abrahamsen. Foto: Privat.

Du ord frå alle æver er ein av favorittane mine. Den er omsett av den faste salmekomentatoren vår i Sangtimen, Arve Brunvoll, og har melodi av William H. Ferguson.

Brunvoll er òg kjent for omsetjinga av *Deg å få skode* med irlske folketonar.

Ein annan favoritt eg har er *Sorgen og gleden de vandrer til hope* av

“

Du Ord frå alle æver, og evig Gud av Gud!  
Du liv for alt som lever, frå deg går ljoset ut.  
eit ljos som skin her nede i denne mørke verd!  
Å sæle syn og glede at du, Gud Son, er her!

Kven såg din glans og trudde at himlen var ditt rom,  
at du som lågast budde, sat høgt i herlegdom?  
Dei ljose born som kjende Guds frelse i ditt namn,  
som såg din Fader vende mot dei sin opne famn!

Kvar var ditt guddomsvelde, kvar var di frelsarhand,  
når nådens born vart selde til spott og bål og brann?  
Vi såg din styrke, Herre, vi trudde på deg, Krist,  
når Lammets pris og ære var deira song til sist.

Lat dine vitne vise di sanning med sin munn,  
og verdsens von få prise til siste dag og stund,  
når born av alle ætter står fritt for trona di  
og takk og ære retter mot deg til evig tid!

NR 77 I NS 13, TARVE BRUNVOLL 1978, M WILLIAM H. FERGUSON 1919

# Tusen takk til støttespelarane våre!

---



anleggsgartnar.no

JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400



 Sparebanken Vest



Dr. Finn Gunnar Ottesen  
Spesialist i ØNH-sjukdomar  
STORD HELSEPARK



Tannlege Øen  
Tannregulering og allmennpraksis



Mange med på spleiselaget!

---

Me er veldig takksame for alle aktørene i næringslivet som har støtt og støttar SPIRA.

For å kunne gje ut SPIRA treng me mange på spleiselaget.  
Kunne du tenke deg ei støtteannonse i bladet?

Gje oss i redaksjonen ei melding  
på epost: spira@kyrkja-stord.

TRENG DU NOKON  
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



# Døypte sidan sist

## Stord kyrkje

|       |                           |
|-------|---------------------------|
| 25.04 | Tobias Haga               |
| 25.04 | Aria Ekre Eilertsen       |
| 02.05 | Nora Skogvold Korsvik     |
| 09.05 | Alma Nilsson Førland      |
| 09.05 | Selda Kannelønning        |
| 23.05 | Johannes Engum Titlestad  |
| 23.05 | Eirik Soilan Madtsen      |
| 06.06 | Filippa Alsaker Aas       |
| 06.06 | Nori Taihutu Spissøy      |
| 06.06 | Guro Sauë-Kroka           |
| 06.06 | Ingrid Vik Hollund        |
| 13.06 | Finn Aasheim Steinsbø     |
| 13.06 | Jakob Karlsen Lone        |
| 20.06 | Kristoffer Reinertsen     |
| 20.06 | Ulrik Holmstrøm Skogvold  |
| 20.06 | Jenny Hauge Bergseth      |
| 20.06 | Elea Særsten Isaksen      |
| 20.06 | Even Reinertsen           |
| 20.06 | Ylva Føyen Silden         |
| 04.07 | Oskar Haga Baldersheim    |
| 04.07 | Ingrid Jansen Hovland     |
| 04.07 | Fabian Larsen Tyse        |
| 01.08 | Håkon Bjerkeset Bunes     |
| 01.08 | Nicholas John Varghese    |
| 01.08 | Eskil Rafdal              |
| 01.08 | Edvin Haukanes Pedersen   |
| 15.08 | Erle Sofie Aasheim Vatna  |
| 15.08 | Nora Johannessen Norheim  |
| 15.08 | Ruth Andresen Nordeide    |
| 22.08 | Noah Bergli Wang          |
| 22.08 | Samuel Trøen Sandstå      |
| 22.08 | Frøya Vatna Fitjar        |
| 22.08 | Ylva Vatna Fitjar         |
| 22.08 | Alfred Rongve Nordhus     |
| 22.08 | Dagny Eriksen Alsaker     |
| 22.08 | Heine Heggland            |
| 05.09 | Oskar Bjelland            |
| 05.09 | Alfred Kvarekvål          |
| 05.09 | Emilie Meland Lunde       |
| 05.09 | Leonel Langeland          |
|       | Thomassen                 |
| 15.09 | Aleksander Fadnes Karlsen |
| 15.09 | Malin Fadnes Karlsen      |
| 15.09 | Emil Fadnes Karlsen       |
| 15.09 | Benjamin Fadnes Karlsen   |
| 19.09 | Emrik Hystad              |
| 19.09 | Peder Bore Matre          |
| 19.09 | Vetle Skår Torp           |
| 19.09 | Elida Marie Polden Brekke |

## Nysæter kyrkje

|            |                          |       |                              |
|------------|--------------------------|-------|------------------------------|
| 09.05      | Leander Borado Utslottøy | 25.07 | Aleksander Aarra Kristiansen |
| 23.05      | Eline Vegge              | 08.08 | Herman Dahle-Pedersen        |
| 30.05      | Elias Thormodsæter       | 08.08 | Herman Willy Creemers        |
| Lerøy      |                          | 08.08 | Adrian Klubben Bergheim      |
| 20.06      | Vilde Valvatne           | 05.09 | Fabian Skogheim-Kalve        |
| Vassneset  |                          | 11.09 | Arvid Lauksund Almås         |
| 20.06      | Jorid Hernes Hope        | 12.09 | Lina Nordhus Slåtten         |
| 27.06      | Sondre Kirkevold Almås   | 12.09 | Silas Matre Sikveland        |
| Sætrevegen |                          | 26.09 | Miriam Rød Bauge             |
| 27.06      | Tobias Mjånes Dahle      | 26.09 | August Følling Øvregard      |
| 11.07      | Tomine Johansen Bakke    |       | <b>Huglo bedehuskapell</b>   |
| 11.07      | Tuva Sørensg Ottesen     | 06.06 | Brynjar Eikeland Bauge       |

## Velkommen til dåp!

Onsdag ettermiddag, 15. september, vart Benjamin, Emil, Malin og Alexander, alle med etternamnet Fadnes Karlsen døypte.

Det er stort kvar gong eit menneske blir døypt, uansett alder. Kyrkjelyden gler seg over, og med, alle som er døypte sidan sist. Me blir oppmoda

om å hugsa på dei og be for kvarandre.

Ynskjer du dåp i ei av kyrkjene våre? Bestill tid på heimesida vår: [kyrkjastord.no](http://kyrkjastord.no). Du kan sjølv sagt heller ringa oss om du synest det er greiare, eller om du ikkje finn dag og tid som passar: Tel. 53403430.



Ein fin flokk til dåp: Benjamin, Emil, Malin og Alexander, alle med etternamnet Fadnes Karlsen.  
Foto: Privat.